

Høyringsuttale NOU 2010:8 Med forskertrang og lekelyst. Systematisk pedagogisk tilbud til alle førskolebarn.

Vi viser til Kunnskapsdepartementet sitt brev datert 29.10.2010 om høyring av innstillinga frå utvalet som har sett på pedagogisk tilbod til førskulebarn. NOU 2010:8 er omfattande og presenterer eit stort antal tiltak. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har med interesse lest utgreiinga, og har presentert og diskutert innhaldet i den, med kommunane i fylket. Fylkesmannen har oppmoda kommunane til å gje sine høyringssvar.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil gje følgjande uttale:

På bakgrunn av utvalet sitt mandat og mandatet sitt formål ”å sikre at alle førskolebarn, uavhengig av funksjonsnivå og sosial bakgrunn, får mulighet til å delta i et systematisk pedagogisk tilbud. Dette skal sikre at alle barn har erfaringer fra samvær med andre barn i et sosialt nettverk, kjennskap til begreper og grunnleggende ferdigheter i språk og i andre emner før skolestart. Dette skal gi alle førskolebarn et godt utgangspunkt for å klare seg i skolen og i samfunnet ellers,” vil vi i hovudsak avgrense uttalen vår til å omhandle punkt i kapittel 12 som presenterer utvalet sine anbefalte tiltak. Vidare vil uttalen vår óg kommentere og understreke kompetansesituasjonen og kompetansebehovet i barnehagesektoren. Med bakgrunn i dei gjeldande styringsdokumenta i sektoren og i arbeidet med fornying av desse, er det viktig og nødvendig å prioritere tiltak for utvikling av kvalitet i barnehagen. Satsing på personalet sin kompetanse må prioriterast sterkest!

Kapittel 12 – Utvalet sine anbefalingar

Vi støttar utvalet sitt framlegg om at barnehagetilbodet framleis skal vere frivillig og deler synspunktet om at det ikkje tener formålet å opprette eit eige tilbod til barn i førskulealder utover det ordinære barnehagetilbodet. Vi ønskjer óg i denne samanhengen å kommentere at det i utgreiinga kan vere noko forvirrande bruk av førskulebarn som omgrep. Det bør kome klart fram kva aldersgruppe barnehagebarn dette gjeld. Dette vil kunne ha konsekvensar for eventuelle endringar av forskrifta Rammeplanen.

12.3.1, 12.3.2 Samarbeid med andre instansar, Samarbeid med foreldre

Vi gir vår støtte til at alle barnehagar skal ha tilknytning til eit tverrfagleg samarbeidsteam. Vi støttar óg at det vert lagt vekt på å formidle til foreldra, betydninga av å gå i barnehage. Helsestasjonen kan vere ein stad ein tidleg kan nå alle.

12.4 Barnehagen sitt innhald og oppgåver

Vi støttar utvalet i at det er viktig å ”bevare” det heilskaplege læringssynet som barnehagen sitt innhald byggjer på. Vi meiner vidare at det er viktig å *vidareutvikle* både kunnskap og praksis knytt til det heilskaplege læringssynet. Dette handlar om barnehagen sin eigenart, med eit heilskapleg læringssyn som fremmar at omsorg, leik og læring vert sett og praktisert i samanheng. Styrking av kompetanse innanfor desse områda vil vere vesentleg – óg sett i lys av *danning* som ny fagterm i ”ny” formålsparagraf.

Det vert óg stilt spørsmål ved om i kva grad dagens barnehagetilbod har den grad av systematikk som skal til for å sikre alle barn eit systematisk godt tilbod. Fylkesmannen vil understreke at vår oppfatning er at *variasjonen i sektoren* er stor. Vi vil hevde at vi i møte med kommunar og barnehagar opplever at endrings- og utviklingsorienterte barnehagar, ofte held fram med å vere det, medan mindre endrings- og utviklingsorienterte barnehagar ofte held fram med å sakke akterut. Dette har etter vårt syn, klare samanhengar med kompetansenivået i den einskilde barnehage og kor vidt ein har barnehagefagleg kompetanse på kommunenivået. Vår erfaring er at kommunestorleik ikkje er avgjerande!

12.4.1 Målformuleringar i rammeplanen

Utvalet foreslår at rammeplanen må bli tydelegare når det gjeld arbeidet med leik, omsorg og sosial kompetanse. Vi støttar dette forslaget og meiner det kan vere med å vidareutvikle det pedagogiske tilbodet både til det einskilde barnet og for barnegruppa kollektivt. Vi ønskjer ikkje formulering av *resultatmål* knytt til dette arbeidet, men hevdar at her vil gode prosessar vere det uttalte målet.

Vi støttar ikkje at det skal formulerast mål retta mot det einskilde barnet. Vi meiner det vil fremme arbeidet innanfor det heilskaplege læringssynet og eit heilskapleg syn på barn, å ikkje formulere mål knytt til det einskilde barnet. Her ønskjer vi oss ikkje ei utvikling i retning av formuleringar av resultatmål, men vil halde fram at vi framleis ønskjer *prosessmål* knytt til *personalet* sitt arbeid med barna, i ein revidert rammeplan.

Vi støttar heller ikkje framlegget om at barnet sjølv skal sette mål for eiga læring og utvikling. Dette må sjåast i samanheng med barns rett til medverknad og innhaldet i denne retten. Det betyr ikkje at små barn frå 3-årsalder skal lærast eller øve seg på å vurdere seg sjølv. Noko anna er det at barnet får vere med og gradvis medvirke i planleggings- og vurderingsarbeidet i barnehagen. Også her må den vaksne si rolle, ansvar og kompetanse understrekast!

12.4.3 Skoleforberedende aktiviteter

Det er arbeidet med sosial kompetanse, språk og andre former for kommunikasjon som i utgangspunktet dannar grunnlaget for pedagogisk praksis i barnehagen. Vi støttar difor utvalet si anbefaling om at dei såkalla skuleførebuande aktivitetane legg hovudvekt på nettopp utvikling av barna sin sosiale kompetanse, språk og andre former for kommunikasjon. Det er viktig med lokal handlefridom og tilpassing til den einskilde barnegruppe i valet av innhald i desse aktivitetane.

12.5 Personalet i barnehagen

Utvalet presenterer og anbefaler mange og viktige tiltak når det gjeld personalet i barnehagen. Utvalet slår óg fast at personalet er den viktigaste ressursen i barnehagen.

Vi støttar utvalet sine framlegg om at det vert innført eit varig system for etter- og vidareutdanning for tilsette i barnehagesektoren, at det vert igangsett ei varig systematisk leiaropplæring av styrarane i barnehagane, at muligheita til dispensasjon frå utdanningskravet vert innskrenka og at minst 50% av dei tilsette i barnehagane må ha førskulelærarutdanning eller anna tilsvarende pedagogisk utdanning. Vidare at ein set krav til formelle kvalifikasjonar hos assistentar. Dette må ikkje medføre svekka satsing på å auke pedagogtettleiken. Det er viktig med ei differensiert kompetanseheving, og det er viktig at individuell læring vert omsett til kollektiv læring og læring for heile organisasjonen. Dette er viktig sett i lys av at barnehagane skal arbeide som lærande organisasjonar.

Når det gjeld *rekrutteringssatsinga*, foreslår vi ei integrering av rekruttering av førskulelærarar til barnehagen - i GNIST-satsinga - no når gjeldande strategiperiode for rekruttering av førskulelærar går mot slutten.

Vi meiner det bør satsast på å gjere førskulelærarutdanninga 5-årig og støttar oss til NOKUT si evaluering av førskulelærarutdanninga og NOKUT komiteen sitt ønske om ei femårig førskulelærarutdanning. Marknadsføring av ei femårig utdanning, vil kunne medføre at andre grupper potensielle søkjarar, søker seg til utdanninga og yrket.

Vi støttar utvalet sitt framlegg om å lovfeste *barnehagefagleg kompetanse i kommuneadministrasjonen*. Når det gjeld kommunen som barnehagemyndigheit, så vil vi her nemne at nettopp dette er eit av hovudelementa i barnehagereforma. Fylkesmannsembeta rettar i hovudsak innsatsen sin inn mot kommunenivået og vi meiner det er av avgjerande betydning at det er barnehagefagleg kompetanse i dette leddet. Skal ein nå ut i den einskilde barnehage, må ein ha eit koordinerande ledd som har kompetanse innanfor fagområdet. Med auka ansvar og oppgåver til kommunen som barnehagemyndigheit, er dette eit vesentleg punkt i realiseringa av den statlege barnehagepolitikken.

12.6 Samarbeid og sammenheng mellom barnehage og skole

Vi støttar forslaga knytt til samarbeid og samanheng mellom barnehage og skule. Ein overordna plan for dette arbeidet vil vere vesentleg i ein sektor med stort innslag av ikkje-kommunale barnehagar. Vidare meiner vi det vil vere positivt med gjensidig forplikting mellom skule og barnehage både gjennom plan- og regelverk og at til dømes hospitering i kvarandre sine verksemdar, vil kunne vere med å vidareutvikle kvaliteten på pedagogisk praksis i både barnehage og skule.

12.7 Styring av sektoren og foreldrebetaling

Vi støttar utvalet sine forslag om styrking av kommunen sitt tilsyn med barnehagane og at dette vert styrka gjennom sterkare nasjonale føringar. Kommunane sine oppgåver som barnehagemyndigheit i ein rammefinansiert sektor har vorte meir omfattande og kompliserte og det er viktig å få belyst kva tilsyn og tilsynsmetodikk som skal utviklast, for å fremme felles mål om kvalitet barnehagen. Det store innslaget av private aktørar stiller óg større krav til kommunen, samtidig som det å vere både eigar og myndigheit overfor eigne, kommunale barnehagar krev kunnskap og kompetanse innanfor lov og regelverk. I tillegg vil fylkesmennene sin kunnskap og kompetanse vere viktig å styrke både med omsyn til tilsynsverksemda og rettleiingsarbeidet. Innrettinga av tilsynet vil vere viktig med tanke på utviklinga av både tilsynet og rettleiingsarbeidet!

12.8 Kunnskap om barnehagens betydning

Vi støttar utvalet sine framlegg til meir og brei forskning på barnehageområdet.

Avsluttande kommentarar

Det er lagt fram eit omfattande og interessant arbeid frå utvalet. Vi sit likevel igjen med ei noko uklar oppfatning av utgreiinga og konsekvensane av utvalet sine konklusjonar om retning og satsing vidare. På den eine sida påpeikar utvalet fleire gongar at barnehagen sitt heilskaplege læringssyn og den sosialpedagogiske tradisjonen framleis skal stå sentralt. Vidare ser fleire av dei anbefalte tiltaka ut til å gå i retning av ei meir spesifikk måling av resultatoppnåing, også knytt til einskildbarnet. Er det - det heilskaplege perspektivet på barnet og barndommen her og no - som framleis vil stå sterkt med bakgrunn i føringane i dette dokumentet, eller er det førebuinga til noko ein skal bli eller som skal kome etter - som likevel ser ut til å få størst plass? Barnehagesektoren treng ei tydeleg avklaring på kva staten Norge ønskjer at barnehagen skal vere!

Heilt til slutt vil vi påpeike at vi ser tiltaka som utvalet foreslår i kapittelet om personalet sin kompetanse som dei viktigaste for å sikre eit systematisk, pedagogisk tilbod til alle førskulebarn! Ei satsing på auka pedagog- og personaltettleik saman med ei organisering som medfører mindre barnegrupper, er avgjerande for vidareutvikling av kvalitet i barnehagetilbodet både for dei yngste og dei eldste barna under opplæringspliktig alder!